



Helgheim må få betre rømningsvegar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore branntilsyn i Helgheim og rapporten inneheld fleire kritiske merknader. Det blir mellom anna påpeika at rømningsvegane ikkje er tilrettelagde for rask og sikker rømning.

Branningeniør Stein Kyrre Kvinge slår fast at det skal vere minst to uavhengige rømningsvegar frå forsamlingslokal. Frå festsalen i Helgheim var kun ei tofløya dør tilrettelagt. Enkel dør direkte til det fri var merka som rømningsveg, men dørhandtaket var fjerna slik at det ikkje var mogeleg å opna døra. Merka rømningsveg skal kunne opnast enkelt, utan bruk av nøkkel, sleg Kvinge fast.

Rømningsvegar ut frå festsal er noko uklart merka, med pilar i staden for vanlege skilt og eit heimelaga skilt som ikkje vil vera synleg i mørke. Skilt i rømningsveg må vere utforma på ein slik måte at dei synes i mørket og klårt viser veg heilt ut i det fri, påpeikar branningeniøren.

Han skriv vidare at døra nederst i trapperommet ikkje har rett brannklassifisering, men at det under tilsynet vart opplyst at døra vil bli bytta så snart rett dør er levert frå produsent.

Under tilsynet kunne det ikkje leggjast fram branndokumentasjon, Brannvernpermen skal kunne visast til brannvernet ved tilsyn. Det vart under tilsynet opplyst at det finst ein slik perm, men at den ikkje blir oppbevart på huset.

Branningeniøren skriv at Helgheim utelukkande er oppført i tre og har dårlege branncellebegrensande konstruksjonar. Difor vil ein litt utvikla brann føra til at bygget vert totalskada. Av den grunn er det viktig å sikre gode og ryddige rømningsvegar, samt at sløkkjeustyret er i orden.

I særskilde brannobjekt skal sløkkjeapparata sjåast til av kvalifisert personell årleg. I dag må slike apparat sendast til Haugesund for service fordi det manglar kvalifiserte fagfolk innan dette fagfeltet i Kvinnherad.

Det kan likevel vera ein ide å innleie samarbeid med ei av dei større verksemdene i kommunen. Dei får gjerne fagfolk til å komme frå andre stader og hit for å gjennomføra service på staden. Om ei får ei avtale om at

Helgheim sine apparat kan takast i same vendinga, vil ein sleppe å reise langt, sluttar Kvinge.

Av Ola Matti Mathisen